

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Høgtidsmat ved familjefester Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan, Gard: Moan

(adresse): Leksvik G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og etter foreldre mine som er 78 og 80 år gamle

SVAR

A. Födsla.

1. Det har vori og er framleis skikk her i bygda at grannekoner, skylofolk og veninner kjem med mat til barselkvinner.
2. Det vanlege har vori at dei gjikk einiskildvis, men eit par stk. kunne og slå seg i lag; dei hadde da gjerne kvar sitt slag mat. Somtid kunne fleire koma samstundes, men det var stümpehövet som var årsak til dette.
3. Da kunne det også stümpe seg at alle hadde same slags mat, som da helst var römmegräut.
4. Så snart som mogleg. Det var liksom ei årsak å vera først ute.
5. Dei kom berre ein gong for kvar barnefödse.
6. Det vanlege var römmegräut og så ei stor kirpskake, samt kokejokolade.
7. Ikkje akkür.
8. Römmegräuten vart helst aust i ein stor gräutkomme (bolle) og

baren til barselkvinnu i korg, saman med bröðvarene.

9. Maken dei bar til barselkvinnu vart kalla barselmat.
10. Som regel var det kona sjölv som gjikk med barselmaten. Var ho hindra frá å koma gjikk einhver annan i huset. Knip det riktig, gjikk mannen.
11. Det var ikkje vanleg at mannen fylgde med, men var det langt å fara og dårleg føre, kunne han sjusse kona si til barselkvinnu med maten.
12. Dei som kom med barselmat skulle alltid ha traktering. Ofte fekk dei kaffe fört, og sjokolade för dei gjikk.
13. Like gjestebod hadde ikkje særskild namn. Det vart berre sagt at ein gjikk med barselmat.
14. Sendingfolket fekk alltid traktering.
15. Det var meir sjeldsynt at ügifte möder fekk barselmat, men det hende da no og da.
16. Det er framleis det mest vanlege at ein går med graüt. Lötsuppe har og vori brükt i nokon mon dei siste 40 ära, saman med bröðvarer. Konditorakaker blir sjelden brükt, og blomar apsolütt ikkje - iallefall mellom innfödde leksoeringar.
17. Konene kunne ofte og ha med ei lita gäve til den nyfödde, gjerne eit par sokkar eller ei lita häva.
18. No er dei meir räuste, og det vankar ofte eit babytype attpä graüten.

19. Ein vit om at det for 85 år sidan vart haldi dåpskalas, med både spel, dans og dægeleg sterke saker, men det var ikkje vanleg at kvar mann heldt slikt.
20. Dåpskalaset vart kalla barsøl.
21. Ljostene gav da gjerne "ein daler på vogga," som det vart kalla.
22. Vit ikkje.
23. Det blir aldri haldi barsøl med spelemann, dans og brennevin no til dags.

B. Fødselsdag

24. Det var ikkje vanleg med fødselsdags- høgtiding for barn før i tida. Det var heller ikkje så ofte voksne folk høgtida fødselsdagen sin.
25. No er vi inne i eit tidarskifte. Eldre folk gjer framleis ikkje så stort nummer av fødselsdagen sin. Men dei yngre held no til og med fødselsdagsgilde for 2-åringar, berre for at dei skal få gäver. Legalt higgeri, seier dei eldre.
26. Skikken er at dei som er bedne skal koma til gildet, dersom det har vore invitasjon. Er det nokon som ikkje har invitert folk til årsmålsdagen sin, går ein ubeden.
27. Det har vorte meir og meir vanleg at det skal vera gäver til fødselsdagen.
28. I gamle dagar var det helst rönne.

- graut ved fødselsdagsgilla.
29. No er det både sjokolade, klinge og blautkake. Blautkake med lys på er ikkje komi i bruk enda, såvidt ein veit.

C. Konfirmasjon.

30. I eldre tider vart ikkje gjort stor stas for konfirmanten. Det var såleis ikkje uvanleg at konfirmanten, etter han kom heim frå kyrka, byta klar og gjette krøtera resten av dagen. Så langt tilbake som for 50-60 år sidan var ikkje dette uvanleg.
31. No er det stor stas. Om ikkje folk akkurat har så god råd, så blir det gjerne haldi eit konfirmasjonsgilde som eit lite brudlaup. Og det er ei uskrevi lov at den som er beden skal gjeva ei gave til konfirmanten. Som regel blir det, berre av pengar, nok til ein sykkel.

Tjolv hugar eg frå min eigen konfirmasjon hausten 1915, at eg fekk 2-3 kr. i kontantar, utan at det vart haldi noko gilde. Ei grannegjente av heiderlege folk vart konfirmert i mellomkrigs-tida. Ho fortel at ho fekk ei krone i konfirmasjonspresang.

Skikken med konfirmasjonskalas er faktisk ikkje meir enn 10-15 år gamal.

32. krannar og skylofolk
 33. Har aldri gjiti at gjestene sende sendingar.
 34. Dei som er bedne til gjestebodet er sjølvsagt pliktige å gjea gåver. Men også andre gjev ofte konfir. manten ei gåve.
 35. Det blir bruket vanleg gjestebodsmat.

D. Bruelaup.

36. Ior i tida vart haldi festaröl, men det
 37. var ikkje vanleg skikk. Det er sers få som held festaröl no for tida og.
 38. Hovudretten første bruelaupsdagen var gjerne steik eller sodd, og så graut og tutefisk. Andre dagen var det som regel graut og tutefisk, ofte oppvarma graut frå dagen før. Derksom det var folk att 3. dagen, var det alltid oppvarma mat frå ein av dei føre dagane. Av anna mat var det lefse, flatsbröd og sirupskake. Dugeleg med smör, ost, gomme og rullepölse. Og som drykk altat: Kaffe, te og sjokolade.
 39. I beiningsskoga skulle som regel vera: ei stor sirupskake, eit bröd eller to, minst 1 kg. smör, ein stor komme eller eit stort fat med gomme og gjerne ein gjitost.
 40. Det var vanleg at smöret vart pynta.
 41. Nei.
 42. Beining eller sending.

6.

43. Det var vanleg før i tida at sendingstausa gjikk med beiningen kvelden før brüelaüpet. Da var som regel også spelmennene komne, og det var ofte mykje mors denne kvelden. Mormor mi, som var född i 1843, fortälde at ho som ung^{ste} gjikk til brüelaüpsgarden som sendingstaus. Det var äpsolütt hivelagaste kvelden av heile brüelaüpet, påstod ho.

44. Dei fekk både mat og svingom, men det var ikkje fyll denne kvelden.

45. Nei

46. Forgongskjeringar og forgongstauer.

47. Dei fleste som giftar seg her i bygda held 2 dagers brüelaüp.

48. Det hender mest aldri at bygdefolk held brüelaüp på hotell.

49. Det er svært gjelden at slikt hender.

50. Da er det sikkert smältt stell med gäver.

51. Berre når ein har vori gift i 25-50-60 år.

E. Gravöl.

52. Til gravölet vart bedne grannar, skylofolk og venner. Før i tida bad ein alltid med bedmann.

53. Gravölet vara som regel alltid i 2 dagar. Berre når det var legofolk eller andre fatige kunne det vara berre ein dag.

54. Hooüsmältidet i gravölet var sodd eller ein annan kjøttett første dagen.

og graut og tuffisk andre dagen.
Maten vart alltid servert ved
langbord.

55. Veit ikkje
56. Veit ikkje
57. Når det var husrum nok, vart alle
tid gravølet heldt i heimen til
avlidne. Men var det husrums-
folk som døde, og det var ynkeleg
med husrum, vart som regel grav-
ølet heldt hos gardeigaren.
58. Det var alltid stikke at dei som
før til gravøl sjølv tok med seg
sendingane
59. Nei
60. Ikkje det, nei.
61. Veit ikkje.
62. For 20-25 år sidan tok ein til
å beida til gravøl "utan sendingar,"
men dei fleste tok likevel med
seg litt mat. Dette heldt seg, kan
ein seia til etter siste krigem.
No er det berre i særskilde tilfelle
at gjestene tek mat med seg.
Men det er i staden så å seia
vorti obligatorisk med ein kranse.
Ein kan faktisk seia at kranse
er komen i staden for sendingane.
63. Det er utvilsleg lenge no sidan det
det var vanleg med sterke saker
i gravøla.
64. Det har kanskje heldt seg litt lenger
65. Til vanleg er det nøgde med mat.
Middagsmat med ein kjøttst, fisk-
pudding og risengraut eller rømme.

graut. Og nøgda med kaffe og brød.
No for tidå varar gravola mest
berre ein dag.

66. Nei

67. Nei

68. Trur neppe nokon i Leksvik bed
til gravol skriftleg.

69. Så smått for kring 40 år sidan.

F. Nye festar.

70. Nei.

71. Det tek no til å bli vanleg med
högtiding av morsdagen. Det er vel
10-15 år sidan dei byrja med dette.

72. Dei er fare som högtidas fars-
dagen, men det er likt til at
det også skal bli vanleg.

73. Ja, bakerane har gjer forretning
på å laga mors- og farskaker.

74. Det er bygdebakaren som greier
ut med dette.

75. Først var det ein og annan
som högtida desse dagane. Dette
likksom smitta på dei andre,
^{slikeret} og det er vorte fleire og fleire
etter kvart.

- 11 -